

1. Samandrag	2
2. Bakgrunn for saka	2
3. Økonomisk ramme	2
4. Elevgrunnlag.....	3
5. Søknadar om nye opplæringstilbod ved skulane	6
5.1 Utdanningsprogrammet naturbruk ved Austrheim vgs.....	6
5.2 Programområde vg2 transport og logistikk ved Kvam vgs	7
5.3 Programområde vg2 kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk ved Slåtthaug vgs	8
6. Prosess rundt utarbeiding av opplæringstilbodet.....	10
7. Kunnskap om regionale kompetansebehov	11
7.1 Dialog med opplæringskontor og større lærebedrifter.....	11
8. Søkarar til læreplass som fekk godkjent lærekontrakt i 2019 og 2020	13
9. Avdelingsdirektøren sitt samla framlegg til endringar i opplæringstilbodet	15
9.1 Yrkesfaglege utdanningsprogram.....	15
9.1.1 Bygg- og anleggsteknikk (BA).....	15
9.1.2 Elektro og datateknologi (EL).....	16
9.1.3 Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign og Håndverk, design og produktutvikling	17
9.1.4 Helse- og oppvekstfag (HO).....	19
9.1.5 Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM).....	20
9.1.6 Naturbruk (NA)	21
9.1.7 Restaurant- og matfag (RM).....	22
9.1.8 Sal, service og reiseliv (SR).....	22
9.1.9 Teknologi- og industrifag (TP)	23
9.1.10 Vg3 fagopplæring i skule.....	23
9.2 Studieførebuande utdanningsprogram	24
9.2.1 Idrettsfag (ID).....	24
9.2.2 Kunst, design og arkitektur; medium og kommunikasjon og musikk, dans og drama (KD,ME,MD)	25
9.2.3 Studiespesialisering (ST).....	25
9.2.4 Påbygging til generell studiekompetanse (PB).....	26
10 Framlegg til endring av inntaksmatrisa knytt til nærskulemodellen	27
11 Vidaregåande opplæring for vaksne	28

1. Samandrag

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse legg fram forslag til opplæringstilbod som skal bli lyst ut for skuleåret 2022/23. Endringane som ligg i saka er i forhold til det opplæringstilbodet som er sett i gang i inneverande skuleår, 2021/22.

I del 3 er det gjort greie for dei økonomiske rammene for planlagd tilbod, og i del 4 er det gjort greie for prognostisert elevtal. Del 5 er omtale av søknadar om nye opplæringstilbod ved skular og del 6 er oppsummering av innspel avdelingsdirektøren har motteke etter dialogmøte med opplæringskontor.

2. Bakgrunn for saka

Saka gjer greie for opplæringstilbodet som skal bli lyst ut for skuleåret 2022/23. Saka bygger på dei tilbod som er sett i gang inneverande skuleår og vurderingar om tilbod som ikkje vart sett i gang våren 2021, skal bli lyst ut igjen. Saka viser avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse si vurdering og tilråding til opplæringstilbod skuleåret 2022/23. Våren 2022 vil avdelingsdirektøren legge fram ei sak om justering av i opplæringstilbodet for best mogeleg å tilpasse opplæringstilbodet til søkartala.

Rett til vidaregåande opplæring

Opplæringslova § 3 legg rammene for retten til vidaregåande opplæring, og forskrift til opplæringslova, kapittel 6 regulerer inntaket til vidaregåande skule.

3. Økonomisk ramme

Frå hausten 2021 er det oppretta 982 ordinære klassar. Den økonomiske ramma for opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 er auka tilsvarande om lag 4,75 «økonomiske klassar», som følgje av endringar samanlikna med igangsett tilbod skuleåret 2020/21. Den økonomiske verknaden av auken hausten 2021 er føresett finansiert innanfor sektorramma. Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 legg rammer for opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23. Hovudutval for opplæring og kompetanse handsama i møte 08.9.2021 PS-sak 41/2021 arbeidsdokument 3/21, som m.a. skildrar salderingsbehovet i sektoren. I fylkesdirektøren si tilråding til saldering er det lagt til grunn at den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2022-2023 vert vidareført på same nivå som for skuleåret 2021/22. Hovudutvalet vedtok følgjande uttale i saka:

1.Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til orientering.

2.Hovudutval for opplæring og kompetanse vil peike på nokre sentrale moment som er viktige i det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan:

Mål og strategidokumentet «Førnye og Forbetre – auka gjennomføring» og kvalitetsmeldinga må danne grunnlag for prioriteringar i budsjettet for sektoren. Arbeidet med budsjett for sektoren må difor bli koordinert med arbeidet med handlingsprogrammet. Utvalet vil peike på at mål nummer 1 er at «Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø».

Utvalet viser til at det i planperioden er auke i elevtalet. Utvalet er oppteke av at vi må ha gode nok rammer til å sikre eit godt og likeverdig vidaregåande tilbod for alle i heile Vestland og at alle elevar som har rett på det skal få eit tilbod. Utvalet vil halde fram med å styrke yrkesfaga og ikkje redusere tilbodet. Vidare at det skal vere høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.

Utvalet vil også peike på at dei vidaregåande skulane ikkje vil vere i ein normalsituasjon på ei god stund. Difor er det viktig å prioritere sektoren høgt i budsjettet for 2022.

Utvalet deler avdelingsdirektøren sine bekymringar for at mange av dei føreslegne kutta kan få direkte konsekvensar for breidda og kvaliteten i den vidaregåande opplæringa og medverke til

sentralisering.

Finansutvalet handsama i møte 21.09.2021 PS-sak 4/2021 Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 – arbeidsdokument 3/21. Utvalet tok i sitt prosessvedtak orienteringa frå fylkesdirektøren og uttalen frå hovudutval for opplæring og kompetanse til vitande. Budsjettet vert slutthandsama i fylkestinget i desember 2021.

Sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23 vert lagt fram til slutthandsaming i hovudutval for opplæring og kompetanse før fylkestinget vedtek budsjettet for 2022. Prosessvedtaket frå finansutvalet 21.09.2021 er lagt til grunn for ramma for opplæringstilbodet komande skuleår.

På bakgrunn av prosessvedtaket i finansutvalet 21.09.21 er desse føresetnadene lagt til grunn i utarbeiding av sak om opplæringstilbod for skuleåret 2022-2023:

- Samla vert det lyst ut like mange klassar skuleåret 2022/23 som den økonomiske ramma i tilbodet for skuleåret 2021/22.
- Ved behov eller ønske om å opprette eller auke opp tilbodet ved ein skule, må det bli redusert tilsvarande på eit anna tilbod.

For nokre av tilboda der det vert lyst ut halve klassar for søkarar med ungdomsrett, vert det også oppretta halve klassar for søkarar med vaksenrett. Desse gruppene vil då utgjere ein heil klasse, med ulik finansieringskjelde. Dette kan bidra til å oppretthalde tilbod over tid, som elles hadde vore vurdert ikkje sett i gang eller redusert. Samla sett gir det ei betre ressursutnytting.

Elles restriktiv haldning til oppretting av halve klassar.

Det er lagt til grunn ein hovudregel om oppfylingsgrad på 85 %, jf. PS-sak 60/2020 Opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22.

4. Elevgrunnlag

Inntaksområde	Nærskuleområde	Avgangselevar våren 2022	Differanse mellom -22 og -21	% endring
1	Sunnhordland	839	-3	-0,4 %
2	Hardanger og Voss	476	-50	-9,5 %
3	Stor-Bergen	4105	60	1,5 %
4	Nordhordland	445	54	13,8 %
5	Indre Sogn	320	-58	-15,3 %
6	HAFS	113	-20	-15,0 %
7	Sunnfjord og Sogn	493	-39	-7,3 %
8	Nordfjord	401	8	2,0 %
	Samla	7192	-48	-0,7 %

Tabell 1: Avgangselevar våren 2022

Tabellen over viser avgangselevar våren 2022 frå dei offentlege grunnskulane i fylket. Samla er det ein nedgang på 48 elevar, tilsvarande ein nedgang på - 0,7%. Det er store variasjonar mellom inntaksområda.

Stor-Bergen og Nordhordland har begge auke i elevtalet. På grunnlag av erfaringane frå inntaket til skuleåret 2021/22, veit vi at mange av skulane i stor-Bergen har problem med å handtere fleire vg1 tilbod. Avdelingsdirektøren har også vore i kontakt med Knarvik vgs, heller ikkje der er det rom for å auke med fleire vg1 tilbod.

Regionane Hardanger og Voss, indre Sogn, Hafs og Sunnfjord og Sogn har nedgang i tal

elevar som kjem frå ungdomsskulen. Nedgangen er til dels stor ved enkelte skular. Nedgang i ungdomskullet som skal inn i vidaregåande opplæring, bør vere synleg i kapasitetsnedgang på vg1. Det har vore krevjande å få til ei anna fordeling av klassane mellom område med auke i avgangselevar og område med nedgang. Dette er i all hovudsak fordi område/skular med nedgang allereie har eit smalt tilbod og relativt få tilbod med parallellar. I tillegg har skulane i område med auke mindre kapasitet for ytterlegare utviding av klassar ved skulen.

Bak dei overordna tala skjuler det seg nokre skular/kommunar med stor nedgang i tal elevar som er ferdige med 10.klasse våren 2022.

Inntaksområde	Skule	Våren -21	Våren -22	Nedgang
2	Kvam ungdomsskule	99	74	-25
2	Voss ungdomsskule	165	139	-26
5	Sogndal kommune*	160	135	-25
6	HAFS	133	113	-20
7	Høyanger skule	46	21	-25

Tabell 2: Område/skular med nedgang på 20 eller fleire avgangselevar våren 2022.

Tal frå GIS (Grunnskulen sitt informasjonssystem) viser at skular/område i tabell 2, i all hovudsak har eitt år med små avgangskull. Allereie våren 2023 vil avgangskulla vere om lag på nivå med våren 2021. Konsekvensar av tala er omtalt under kapittelet som viser framlegg til endringar.

Tal frå Udir sin Statistikkportal viser at dei 12 private vidaregåande skulane hadde 1050 skuleplassar på vg1 skuleåret 2020/21. Skulane i Bergen hadde 700 av plassane. Fleire av skulane i fylket har heile landet som inntaksområde, og på grunnlag av det har avdelingsdirektøren justert ned forventa søking til privatskulane frå «våre» søkjarar til 850. I tillegg til avgangselevar må ein legge til forventa søkargrunnlag frå grunnskule for minoritetsspråklege og innføringstilbod. I år går det 163 elevar i desse klassane, og basert på erfaringar frå tidlegare år kan vi rekne med at 50 til 60 % av desse vil søke vidaregåande opplæring til neste skuleår.

Til inneverande år var det om lag 350 søkarar til vg1 som hadde vg1 som avgjevarnivå, anten fordi dei søkte omval til nytt utdanningsprogram eller fordi dei har fått godkjent vg1 over to år. I tillegg var det 480 søkarar til vg1 som ikkje kom direkte frå skule, dvs. har hatt eit opphald. Desse kategoriane av søkargrupper er dei mest usikre.

Det er usikre element knytt til dimensjonering av vg1. Dette er særleg på grunn av søkarar som søker både private og offentlege tilbod, og søkarar som har hatt opphald i opplæringa. Elevar som går i tilrettelagde tilbod (HT, HTA, HTH) vil også kome fram som søkarar til vg1, sjølv om dei allereie går i eit tilbod. Ved første prøveinntak kan det difor sjå ut som om fylkeskommunen har for få tilgjengelege plassar.

	Vestland
Avgangskull 10. trinn	7192
Avgangselevar frå grunnskule for minoritetsspråklege, og innføringstilbod	100
Elevar som gjer omval, vg1 over to år, har hatt opphald	830
Elevtal vg1 i private skular/andre tilbod utanfor VLFK	-850
Elevar i tilrettelagde grupper som søker vg1	300
Forventa søkargrunnlag til vg1	7572

Tabell 3: Forventa søkargrunnlag til vg1.

Dimensjoneringa vil alltid ha usikre element i seg. Avdelingsdirektøren har oversikt over tal avgangselevar, men ikkje over kor mange som vil søke og ta i mot plass ved ein offentlig vidaregåande skule. Avdelingsdirektøren har forsøkt å stipulere nettobehovet i kvart inntaksområde ved å fordele også nettotalet av andre søkargrupper i tabell 3 etter fordeling av avgangselevar.

I fleire område er det avvik mellom elevgrunnlag og kapasitet. For Sunnhordland vil avviket i stor grad svare tal ungdomar som går på skule i Rogaland. Fleire stader er overkapasiteten større enn på tilsvarende tidspunkt i fjor. Arbeidet med å få på plass tilstrekkeleg kapasitet har gitt oss fleire plassar enn det per no ser ut som vi treng. Det er fordi tilbudsstrukturen og endringane i tal avgangselevar ikkje passar med klassestorleik på 15 eller 30. Det er dimensjonert med 404 vg1-klassar i avdelingsdirektøren si tilråding. Det gir eit snitt på 1,6 ledige plassar per klasse.

Inntaksområde	Nærskuleområde	Avgangselevar våren 2022	Avgangselevar og andre søkargrupper	Kapasitet på vg1 i tilrådinga	Differanse
1	Sunnhordland	839	883	796	-87
2	Hardanger og Voss	476	501	590	89
3	Stor-Bergen	4105	4322	4701	379
4	Nordhordland	445	469	498	29
5	Indre Sogn	320	337	369	32
6	HAFS	113	119	107	-12
7	Sunnfjord og Sogn	493	519	643	124
8	Nordfjord	401	422	540	118
	Samla	7192	7572	8244	672

Tabell 4: Elevgrunnlag og kapasitet i inntaksområda.

På vg2 yrkesfag er det i tilrådinga underdekning i nokre utdanningsprogram i deler av fylket. Fylkestinget si oppretting av åtte ekstra klassar på vg1 yrkesfag i inntaksområde stor-Bergen, (PS-sak 52/2021 Prognoseinntaket - konsekvensar for nærskuleområdet Stor-Bergen) har gitt noko behov for utviding av kapasiteten på vg2. Det ser ikkje ut som om behovet er direkte korrelert til utviding av vg1-tilboda, då det var ein del ledig kapasitet på vg2, særleg i utdanningsprogrammet teknologi og industrifag. På vg2 tømrar er kapasiteten auka med 2,5 klassar.

Etter søknadsfristen 1. mars vil avdelingsdirektøren justere fordeling mellom vg1 og vg2. I sak om justering av opplæringstilbodet må avdelingsdirektøren synleggjere at klassetalet er tilstrekkeleg for at alle søkarar med rett skal få eit tilbod.

I sør har Vestland fylkeskommune gjesteelevavtale med Rogaland for søkarar med ungdomsrett frå kommunane Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Ullensvang kan søke om skuleplass på Haugaland, Karmsund, Kopervik, Sauda, Skeisvang, Vardafjell, Ølen og Åkrehamn vidaregåande skular. Vestland fylkeskommune gir gjesteelevgaranti, slik at søkarane konkurrerer på same vilkår som søkarar frå Rogaland.

I nord har Vestland fylkeskommune gjesteelevavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune for at søkarar frå Vanylven kommune kan søke til skulane i Nordfjord. Det gjeld Eid, Stryn, Måløy og Firda vidaregåande skule. I tillegg kan elevar frå tidlegare Hornindal kommune, no del av Volda kommune, også søke skulane i Nordfjord. For inntaksområdet Nordfjord må avdelingsdirektøren i tillegg til eigne avgangselevar, dimensjonere med søkarar frå Møre og Romsdal.

5. Søknadar om nye opplæringstilbod ved skulane

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse har fått inn søknadar om å opprette nye tilbod ved enkeltskular. Søknadane er utarbeidde på grunnlag av tydeleg etterspurnad på kompetanse frå lokalt og regionalt næringsliv.

Den første søknaden er frå Austrheim vgs som søker om å få lyse ut ein klasse vg1 naturbruk, 15 plassar, frå skuleåret 2022/23 og ein klasse vg2 akvakultur frå skuleåret 2023/24. Den andre søknaden er frå Kvam vgs som søker om å få opprette vg2 transport og logistikk i utdanningsprogrammet teknologi og industrifag frå skuleåret 2022/23.

Skulane har vore i tett dialog med avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse for å sikre at all nødvendig informasjon om tilboda er med. Felles for begge søknadane er at avdelingsdirektøren har fått dokumentasjon på kva bedrifter som har forplikta seg til å ta i mot elevar i yrkesfagleg fordjuping (YFF) og seinare læreplass. For tilbodet ved Kvam vgs er det teikna samfunnskontrakt mellom den einskilde bedrift og skulen, ved Austrheim er det inngått intensjonsavtalar.

Den tredje søknaden kjem frå Foreningen for ventilasjon, kulde og energi (VKE) og Slåtthaug vgs, som ønsker å opprette ein klasse vg2 kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk. Det er stor mangel på fagarbeidarar både i ventilasjonsteknikk og som kulde- og varmepumpemontør. Bedriftene i bransjen er difor svært interesserte i å medverke til at opplæringstilbodet kan bli realisert, og vil også stille til rådvelde ein del utstyr som skulen vil trenge.

5.1 Utdanningsprogrammet naturbruk ved Austrheim vgs

Omtale av tilbodet

Skulen bad også til inneverande skuleår om å få vurdert ein søknad om å sette i gang vg1 naturbruk ved skulen, men fristen vart for kort til å få på plass bindande avtalar med bedrifter. I søknaden no er det svært tett kopling mellom Austrheim vgs og ein rekke bedrifter innan havbruk, med tydeleg fordeling av læreplanmåla mellom opplæring i skule og ute i bedrifter. I skulen sitt nærområde er det to visningssenter for havbruk, Skjærgårdsfisk på Marøy i Alver kommune og Firda Seafood på Byrknes i Gulen kommune. Begge desse ligg under ein halv time frå skulen og er svært interesserte i å delta i opplæringa innafor ulike læreplanmål i programfaga.

Skulen har dokumentert at dei i samarbeid med konkrete bedrifter har kompetanse til å gje opplæring i alle læreplanmåla i programfaga både på vg1 naturbruk og vg2 akvakultur. Skulen har også knytt kontakt med bedrifter i andre naturbruksnæringar, fiske og fangst, fiskeforedling, landbruk og gartner og skogbruk, for å kunne oppfylle alle læreplanmåla på vg1 naturbruk. Skulen er oppteken av at dersom ein elev i vg1 skulle ønske å gå vidare for eksempel i retninga landbruk og gartner, vil vg1 opplæringa ved skulen gje nødvendig kompetanse også til dette.

Rekrutteringsgrunnlag

Totalt er det auke i tal grunnskuleelevar i Nordhordland, 50 fleire enn i år. Med det elevgrunnlaget i skulen sitt utvida «næringsområde» kan det vere grunnlag for å lyse ut det nye tilbodet i tillegg til dei vg1-tilboda skulen har i inneverande år: 1 kl. helse- og oppvekstfag, 1 kl. bygg- og anleggsteknikk, 1 kl. studiespesialisering og 2 kl. teknologi og industrifag. Det er i alt 13 bedrifter som har inngått intensjonsavtalar om praksisplassar og YFF, desse ligg i kommunane Alver, Austerheim, Fedje, Masfjorden, Gulen, Solund, Høyanger og Øygarden. Om hovudutvalet gjer vedtak om oppretting av tilbod, vil det vere opp til skulen og bedriftene å marknadsføre tilbodet og syte for eit heilskapleg fireårig opplæringsløp i samarbeid med bedrift.

I 2019 gjennomførte Nordhordland Næringslag kartlegging av tilgjengelege læreplassar.

Kartlegginga viste 25-27 læreplassar i vg3 akvakultur i bedriftene i regionen.

Økonomi

Utstrekt samarbeid om opplæringa med ei rekke bedrifter fører til at det ikkje er behov for store investeringar for å starte opp tilbodet. Innafor eit investeringsbudsjett på 395 000 kr vil skulen kunne starte opp tilbodet med høg kvalitet. Det vil ikkje vere driftskostnadar ut over det skulane får tildelt for dette utdanningsprogrammet.

Avdelingsdirektøren si vurdering

Akvakulturnæringa i denne delen av fylket har behov for å rekruttere fagarbeidarar i ei stadig veksande næring. Samarbeidet skulen har etablert med bedriftene er uttrykk for behovet og seriositeten i ønske om å gje akvakulturutdanning i regionen. Spenninga vil vere knytt til å oppnå tilstrekkeleg rekruttering.

Avdelingsdirektøren er positiv til oppstart på det grunnlaget som no ligg føre.

5.2 Programområde vg2 transport og logistikk ved Kvam vgs

Omtale av tilbodet

Transport- og logistikkbedrifter i Hardanger og Voss- regionen slit med rekruttering av arbeidskraft. Kvam vgs søker no om å få lyse ut vg2 transport og logistikk. Skulen har i samarbeid med bedrifter utarbeidd ein plan med tydeleg fordeling av læreplanmåla mellom opplæring i skule og ute i bedriftene.

Handalag Opplæringskontor har kontakt med alle bedriftene som har sagt dei vil vere med, og det er oppretta samfunnskontrakt mellom Kvam vgs og den einskilde bedrift. I avtalen forpliktar bedriftene seg mellom anna til å bidra med:

- undervisning til enkeltelevar eller grupper i programfag
- utplassering i faget yrkesfagleg fordjuping (YFF) og læreplassar til elevar som er motiverte for å gå inn i lærefaga vg2 transport og logistikk rekrutterer til.

I følgje planen er det ikkje behov for investeringar i areal og utstyr ved skulen, noko som er ein føresetnad for oppretting av tilbodet. Tomta til skulen gir ikkje rom for utviding av ein slik størrelse dette programområdet vil krevje, heller ikkje gjennom byggeprosjektet som allereie er planlagt ved skulen.

Sidan transport- og logistikkfaga krev sertifisering i bruk av maskiner og utstyr, må skulen sikre at desse krava vert tekne i vare. Det er rom for å tenke både ei løysing der skulen tilset lærar med nødvendig kompetanse, eller at skulen inngår samarbeid med ein trafikkskule som har nødvendig kompetanse.

Vg3 yrkessjåfør er eit 19 vekers kurs som gjer deltakarane sertifiserte som yrkessjåfør. I Vestland fylkeskommune er desse kursa landslinjer og lokaliserte ved Sogndal og Os vgs. Kursa går haust og vår. I tillegg er det fleire private aktørar som tilbyr kurspakker som gir same kompetansen som fylkeskommunale tilbod. Det har vore problem med kapasiteten på vg3- tilboda i fylket, og Kvam vgs har vore i kontakt med privat køyreopplæring som tilbyr kurs, for ein kostnad ikkje ulik kostnaden ved Sogndal og Os vgs.

Om hovudutvalet gjer vedtak om oppretting av tilbod, har ein 2022 på å finne gode løysingar for vidareføring av elevane frå vg2.

Rekrutteringsgrunnlag

Skulen har to klassar vg1 teknologi og industrifag og ein klasse vg2 køyretøy. Søkarar frå vg1 teknologi og industrifag som ønsker vg2 transport og logistikk søker landslinja ved Os vgs. Transportverksemdar i Hardangerregionen meiner det er behov for større kapasitet dersom dei skal få rekruttert nok lærlingar og sjåførar. Rekrutteringsbehovet kjem soleis i stor grad frå det lokale/regionale næringslivet.

Økonomi

Heller ikkje her vil investeringskostnadane vere store, sidan bedriftene tek på seg å bidra i store deler av programfagopplæringa. Innafor eit investeringsbudsjett på 300 000 kr vil skulen kunne gå til innkjøp av ein brukt truck og starte opp tilbodet med høg kvalitet.

I læreplanen for vg2 transport og logistikk er det føresetnad at elevane får opplæring slik at dei kan «Føre personbil etter gjeldande regelverk» og «Betene truck (klassane T1, T2 og T4) etter gjeldande opplæringsplan og regelverk». Skular som har vg2 transport og logistikk får i budsjettfordelingsmodellen tildelt 18 000 kr per elev for å gi den obligatoriske delen av køyreopplæringa. Kvam vgs vil ikkje ha ekstra driftskostnadar ut over det skulane får tildelt for dette utdanningsprogrammet.

Avdelingsdirektøren si vurdering

Mangel på yrkessjåførar har vore tema i nasjonale og lokale media over lengre tid. Denne konkrete søknaden bygger på at lokale transportbedrifter kontakta skulen, med ønske om å etablere eit tilbod som kunne sikre dei søkarar med lokal tilknytning og soleis eit betre rekrutteringsgrunnlag. Deira vurdering er at lokal tilknytning er nøkkelen til rekruttering. Avdelingsdirektøren er positiv til søknaden og legg til grunn eit tett samarbeid mellom skule og bedrift.

Tida fram til 1. mars vil vise om opprettinga av nytt vg2 programområde vil ta søkargrunnlaget frå vg2 køyretøy. Også her vil skulen og bedriftene måtte arbeide med å gjere tilbodet kjent for å sikre rekruttering.

5.3 Programområde vg2 kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk ved Slåtthaug vgs

Omtale av tilbodet

Den tredje søknaden kjem frå Foreningen for ventilasjon, kulde og energi (VKE) og Slåtthaug vgs. Dei ønsker oppretting av ein klasse vg2 kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk. Det er stor mangel på fagarbeidarar både i ventilasjonsteknikk og som kulde- og varmepumpemontør.

Bedriftene i bransjen er difor svært interesserte i å medverke til at opplæringstilbodet kan bli realisert, og vil stille til rådvelde ein del utstyr som skulen vil trenge. Slåtthaug vgs har lærar i elektrofag med fagbakgrunn som kuldemontør. Dei delane av læreplanmåla som skulen ikkje har eigen kompetanse på, vil bedrifter bidra i. Bransjen har allereie tilbode seg til å stille kompetanse til rådvelde via VKE sine medlemsbedrifter i Bergen.

Per i dag har VKE avtale om 19 læreplassar, dei fleste so langt i Bergensområdet og på Stord. Både foreininga og skulen jobbar vidare for å få på plass fleire læreplassar.

Rekrutteringsgrunnlag

Vg2 kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk vil vere fylkesdekkande tilbod, og gjennom marknadsføring er det god grunn til å tru at tilbodet vil vere attraktivt. Tilbodet vil gi læreplass. Bransjen og Slåtthaug vgs må få tilgang til potensielle søkarar, kanskje først og fremst vg1 klassane i elektro og datateknologi i Bergen og områda rundt, slik at vg1-elevane kan gjere informerte val.

Økonomi

Skulen vil trengje ein verkstad, men kan ved relativt enkle grep kombinere dette med lokale dei allereie har. Det vil vere behov for ventilasjonsanlegg med kjøle- og varmepumpeanlegg og eit

SD-anlegg som viser drift og feil. Ved å plassere dette i tilknytning til teknologi og industrifag sine verkstadareal, vil det også betre inn klima i bygget.

Det vil også vere behov for seks F-gassriggar, der bransjen vil bidra med tre slike riggar. Til gjengjeld kan skulen vere til disposisjon for bransjen til F-gassertifisering av tilsette. Samla kostnadsramme til investeringar og utstyr for fylkeskommunen er om lag 300 000 kr., og bransjen vil stille med utstyr for tilsvarende beløp.

Avdelingsdirektøren si vurdering

Bransjen sine behov kjem tydeleg til uttrykk gjennom ønske om å bidra, både til utstyr og i opplæring i læreplanmål der skulen ikkje har eigen kompetanse. Dette er nok eit eksempel på tilbod som kan bli realisert fordi ein inngår samarbeid med næringslivet. Læreplassbehovet er dekket for første kull, og både VKE og Bergen bransjeforeining er aktive for å rekruttere fleire lærebedrifter. Dei er klar over at også her vil læreplassstilgangen vere avgjerande for framtidig rekruttering av fagarbeidarar.

Kostnadar ved oppretting av dei presenterte tilboda

På grunnlag av budsjett/kostnadsoverslag skulane har utarbeidd vil den samla investerings- og utstyrskostnaden vere:

Skule	Tilbod	Kostnad
Austrheim vgs	vg1 naturbruk	400 000
Kvam vgs	vg2 transport og logistikk	300 000
Slåtthaug vgs	vg2 kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk	300 000
Sum		1 000 000

Tabell 5 Investeringsskostnadar ved nye tilbod

Nye tilbod etter «Stryn-modellen»

Til skuleåret 2021/22 vart det ved Stryn vgs oppretta eit kombinasjonstilbod, der det vart sett av tre elevplassar til vg2 betong- og mur i klassen for vg2 tømrrar. Grunngevinga var at elevgrunnlaget for heil klasse ikkje var til stades. I tillegg hadde det lokale næringslivet tydeleg, men avgrensa behov for denne kompetansen.

Modellen krev tett samarbeid med lokale bedrifter om opplæring i dei kompetansemåla skulen sjølv ikkje kan dekke, og utstrekt bruk av programfagopplæring i bedriftene. I tillegg krev det motiverte lærarar som tek på seg å gi opplæring etter fleire læreplanar.

Skulane fekk høve til å melde tilbake ønske om å etablere denne modellen ved sin skule. Austrheim vgs ønsker å kombinere vg2 tømrrar med tre plassar i vg2 anleggsteknikk. Initiativet kjem både ut frå lokalt behov, og ut frå eit gjennomføringsperspektiv. Lokale bedrifter bidreg med praksisplassar som dekker den praktiske delen av programfaga. Den teoretiske delen av programfaga vil elevane få på skulen.

Voss vgs ønsker å kombinere vg2 kokk og servitør med fem plassar i vg2 bakar- og konditor og/eller vg2 matproduksjon. Gjennom kontakt med det lokale næringslivet har skulen fått vite kva for fagbrev det er behov for (bakar, konditor, slaktar, pølsemakarfaget, kjøttskjerar, industriell matproduksjon og sjømatproduksjon), og vil forsøkje å kombinere bedriftene sine behov med søkarane sine ønsker best mogeleg. Over tid vil det vere mogeleg å forsyne mange av bedriftene med nødvendig kompetanse.

Voss vgs sende våren 2021 søknad til avdelingsdirektøren om å kunne tilby fleire programområde på vg2 restaurant- og matfag. Det er naudsynt å vurdere ein slik søknad i tilknytning til utlysing av opplæringstilbodet for påfølgande år. I dialog med skulen vart det difor avtalt å vurdere søknaden på nytt hausten 2021.

Avdelingsdirektøren meiner modellen er god, då den både kan vere tilpassing til konkrete, men

mindre kompetansebehov rundt i fylket, og gir skulane eit breiare tilbod å rekruttere til. Avdelingsdirektøren er positiv til dei konkrete initiativa frå Austrheim vgs og Voss vgs.

6. Prosess rundt utarbeiding av opplæringstilbodet

God dialog med sentrale samarbeidsaktørar er viktig for å få eit godt bilete av behova for arbeidskraft i ulike område av fylket og for å drøfte sentrale utfordringar knytt til rekruttering innanfor ulike fagområde. Dette arbeidet omfattar m.a. dialog med opplæringskontor og lærebedrifter, regionale kompetanseforum, regionråd og skulane sine innspel for opplæringstilbod.

På grunnlag av inntekne elevar og eksisterande tilbodsstruktur har rektorane gitt innspel på tilbodet ved eigen skule. Innspela har vore drøfta med dei tillitsvalde lokalt. Avdelingsdirektøren har vidare gjennomført digitale møte med opplæringskontora i dei ulike områda i Vestland fylkeskommune. Grunnlaget var inntekne elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram og formidling til lære plassar.

Opplæringskontora har med bakgrunn i dette gitt skriftleg tilbakemelding. Innspela frå dei vidaregåande skulane og opplæringskontora ligg som vedlegg til saka. Dei regionale samarbeidsarenaene og bransjekontaktane gjennom Kompetanseforum Vestland vart inviterte til å gi tilbakemeldingar på opplæringstilbodet. Desse ligg i sin heilskap som vedlegg til saka.

Sak om opplæringstilbod 2022/23 bygger på tidlegare politiske vedtak knytt til opplæringstilbodet for 2021/22. Desse er:

- Følger av vedtak i hovudutvalet i tilsvarende sak november 2020.
- Tilbod som ikkje vart sett i gang etter vedtak i justeringssaka skal bli vurdert på nytt i sak om opplæringstilbod 2022/23, jf. vedtak i justeringssaka i OPKO 27.4.2021.

7. Kunnskap om regionale kompetansebehov

Fylkeskommunen leier arbeidet med Kompetanseforum Vestland som er samarbeidsorganet for kompetansearbeid i regionen. I Kompetanseforum Vestland sit leiarane av dei største utdanningsinstitusjonane i Vestland, Universitet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, Fagskolen i Hordaland, avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse, partane i arbeidslivet representert ved NHO, LO og KS, NAV og Helse Vest.

I tillegg til Kompetanseforum Vestland er samarbeidsmodellen for regionalt kompetansearbeid i regionen sett saman av kompetanseforum i regionane i fylket. Desse regionale samarbeidsarenaene vart inviterte til å gi innspel på kompetansebehov med utgangspunkt i det vidaregåande opplæringstilbodet. Dei regionale arenaene er delt inn i

- Nordfjord
- Sunnfjord
- Sogn
- Nordhordland
- Bergen
- Vest
- Hardanger/Voss
- Sunnhordland

I tillegg vert bransjekontaktar innan følgjande sektorar inviterte til å gi innspel:

Marin	Energi	Media	Maritim
Reiseliv	Finans	Bygg og anlegg	Utdanning
Landbruk	Helse		

Alle innspel som har kome til avdeling for innovasjon og næring ligg som vedlegg til saka. Innspela er del av det samla kunnskapsgrunnlaget saman med m.a. innspela frå opplæringskontora og skulane. Saman med dei økonomiske føresetnadene legg dei samla innspela ein stor del av grunnlaget for vurderingane avdelingsdirektøren gjer i denne saka

Avdelingsdirektøren har som mål å utvikle det samla kunnskapsgrunnlaget over tid. Saman med eit godt kvalitativt grunnlag, kan det samla kunnskapsgrunnlag over tid gi eit godt grunnlag for dimensjonering av den vidaregåande opplæringa og vise i kva grad ein møter samfunnet sitt behov for kompetanse

7.1 Dialog med opplæringskontor og større lærebedrifter

I etterkant av dialogmøta har avdelingsdirektøren fått skriftlege innspel (ligg også som vedlegg) frå følgjande opplæringskontor:

Bilbransjens opplæringskontor Sogn og Fjordane

Opplæringskontoret meiner at dimensjoneringa med tre klassar for vg2 køyretøy i Vestland nord er rett dimensjonert og stettar behovet for lærlingar i bransjen. Det er derimot ønskeleg med tilsvarande auke i tal elevplassar i køyretøyklassa i Sunnfjord, som i Nordfjord og Sogn.

Blikkenslagmesterenes opplæringskontor

Vg2 klima, energi og miljøteknikk vart starta opp hausten 2021 ved Åsane vgs. Det er stor etterspurnad etter lærlingar innan fagområdet og medlemsbedriftene kan garantere læreplassar.

Byggfaga/Byggmesterenes Servicekontor AS

Felles innspel frå bransjen og andre opplæringskontor i Vestland nord. Det er ønske om å oppretthalde dagens struktur og vidareføre kombinasjonsklassar innan vg2 tømmer og vg2 betong og mur. I vedlegget ligg tilråding til dimensjonering og lokalisering.

Byggopp

Det er stort behov for lærlingar innan alle dei store fagområda i åra framover, der det spesielt vert peika på behovet innan betongfaget. Det er ønske om at det vert oppretta fleire kombinasjonsklassar innan vg2 tømrrar og vg2 betong og mur. Opplæringskontoret ønsker at dagens klassetal vert vidareført, medan elevtalet i klassane innan vg2 anleggsteknikk og vg2 mur og betong vert auka. Opplæringskontoret har gode erfaringar med bruk av 1+3-modellen i opplæringa, som alternativ for å oppretthalde tilbudsstrukturen innan enkelte fag.

Frisørfagets Opplæringskontor

Opplæringskontoret peikar på stort behov for lærlingar innan frisørfaget, spesielt i stor-Bergen og ønsker auka klassetal i Bergen komande skuleår.

Opplæringskontor for Service og samferdsel i Hordaland

Opplæringskontoret ønsker ingen endringar i opplæringstilboda innan vg1 sal, service og reiseliv, vg2 service, sikkerheit og administrasjon, vg1 teknologi- og industrifag og vg2 transport og logistikk.

Nelfo Sogn og Fjordane

Viser til stort behov for arbeidskraft og til underskot på lærlingar i Nordfjord og Sogn. Opplæringskontoret peikar på viktigheita av riktig dimensjonering på vg1 for å oppnå god oppfylling i klassane på vg2- og vg3-nivå.

Opplæringskontoret for Anleggs- og Bergfagene

Det er stor underdekning på lærlingar innan anleggsbransjen. Opplæringskontoret meiner det er behov for auke i klassetal for vg2 anleggsteknikk.

Opplæringskontoret for elektrofag Bergen og omegn

Tal klassar innan vg2 elenergi og ekom bør ikkje bli auka.

Sogn opplæringskontor

Medlemsbedriftene har auka behov for lærlingar innan fagområda industriteknologi, kjemiprosess- og laboratoriefag. Opplæringskontoret peikar på viktigheita av riktig dimensjonering på vg1 for å oppnå god oppfylling i klassane på vg2-nivå.

Rørentreprenørenes Opplæringskontor – Vest

Opplæringskontoret ønsker ingen endring i dimensjonering og lokalisering av vg2 røyrleggar.

Ytre Sunnhordland opplæringskontor

Viser til stort behov for fagarbeidarar i framtida, lokale verksemder slit med å rekruttere nok kvalifiserte søkjarar. Opplæringskontoret peiker også på behov for læreplassar innan spesifikke lærefag frå bygg- og anleggsteknikk. I vedlegget ligg tilråding til dimensjonering og lokalisering.

Opplæringskontor for restaurant- og matfag


Opplæringskontoret peikar på behov for auka klassetal og endring i lokalisering for programområdet i Bergensregionen.

Vestland fylkeskommune planlegg å ta inn mellom 26-32 lærlingar i skuleåret 2022/23.

8. Søkarar til læreplass som fekk godkjent lærekontrakt i 2019 og 2020

Statistikken under er henta frå Utdanningsdirektoratet og viser kor mange søkarar til læreplass som fekk seg lærekontrakt i 2019 og 2020. Tala viser søkarar med ungdomsrett.

For at ein lærekontrakt skal vere inkludert i statistikken må den ha starta og blitt godkjent av fylkeskommunen i løpet av desse åra. Statistikken er ikkje ei fullteljing av tal nye kontraktar, då kontraktar som t.d. vert starta i desember, men først vert godkjent i januar året etter ikkje vil kome med i statistikken. Berre søkarar med læreplass som førsteønske er med i statistikken. I tillegg er dei som har skaffa seg læreplass på eigenhand, og dei som har søkt skuleplass, men likevel fått læreplass lagt inn som søkarar i teljinga.



Figur 1: Søkarar til læreplass og tal kontraktar, 2019 og 2020. Tal henta frå Udir.

Tala er samla for Vestland fylke, og ikkje brote ned på områdenivå eller programområde. Tala viser at for 2019 og 2020 er det samla sett inngått færre kontraktar enn det var søkarar til læreplass og at det er skrivne færre kontraktar enn det er søkarar, i kvart utdanningsprogram.

Koronautbrotet i 2020 kan ha gjort det vanskelegare å få læreplass i nokre utdanningsprogram. Mange bedrifter og verksemder har hatt utfordringar som følgje av koronasituasjonen, noko som har ført til at lærlingar/lærekandidatar har blitt permitterte. Nokon av dei som fekk læreplass i 2020 kan ha blitt permitterte etter at dei fekk læreplass.

Samla formidling til lære er redusert med 2,5 % frå 2019 til 2020, tal elevar som ikkje har blitt formidla har auka frå 766 elevar i 2019 til 855 elevar i 2020. Det er store variasjonar mellom utdanningsprogramma. Elektro og datateknologi har hatt ein auke i formidling frå 76 % i 2019 til 79 % i 2020. Innan bygg- og anleggsteknikk er den prosentvise formidlinga stabil, der 87 % av elevane er formidla til lære både i 2019 og 2020. Grunna nedgang i søkartala til utdanningsprogrammet, er det likevel ein nedgang på 52 færre elevar

med inngått lærekontraktar.

Restaurant- og matfag og sal, service og reiseliv (tidlegare service og samferdsel) har hatt den prosentvis største nedgangen i formidling. Restaurant- og matfag har hatt ein nedgang frå 84 % til 70 %, og sal, service og reiseliv frå 75 % til 65 %.

Formidlingstala for alle programområda skjuler truleg regionale skilnadar. Det vil seie at behovet for arbeidskraft er større i enkeltområder. Samla sett er det for mange primær søkerar med ungdomsrett til læreplass frå kvart utdanningsprogram som ikkje får lærekontrakt.

Lærebedrifter bør i større grad vurdere kandidatar busette utanfor eige nærrområde. På same måte bør søkerar vurdere lærebedrifter utanfor eige område. Mobilitet er altså ein viktig faktor i å utjamne avvik. Dialog med opplæringskontor og lærebedrifter må fortsetje og vi må vidareutvikle dialogen for å avstemme behov og forventningar.

9. Avdelingsdirektøren sitt samla framlegg til endringar i opplæringstilbodet

Oppsummert er konsekvensane av skulane sin innmelde ønske om endringar i tilbodet. Innspela vil gi ein nettoauke på 23,5 fleire klassar enn det er sett i gang inneverande skuleår. 9,5 av desse klassane er på vg1. Desse fordeler seg slik mellom utdanningsprogramma:

Studiespesialisering	2
Idrettsfag	0
Musikk, dans og drama	0,5
Medium og kommunikasjon	0
Kunst, design og arkitektur	0
Bygg- og anleggsteknikk	1
Elektro og datateknologi	1
Frisør, blomster, interiør og	0
Helse- og oppvekstfag	7
Håndverk, design og produktutvikling	0
Informasjonsteknologi og	0
Naturbruk	3,5
Restaurant- og matfag	3,5
Sal, service og reiseliv	0
Teknologi og industrifag	4
Påbygging til generell	1
	23,5

Tabell 6 Skulane sine framlegg til nye klassar.

Avdelingsdirektøren vurderer skulane sine innspel til endringar av opplæringstilbodet som ein del av saksførebuinga. Alle innspela er ikkje nødvendigevis nemnd i saka, men alle ligg som vedlegg.

I arbeidet med framlegg til endringane i yrkesfaglege utdanningsprogram har avdelingsdirektøren forsøkt å legge stor vekt på innspela frå opplæringskontora. Formidlingstala til den enkelte skule er også del av grunnlaget, sjølv om desse tala ikkje har gitt enkle svar på kor ein bør auke opp, ev ta ned klassar. Prosentvis formidling av søkarar avviker ofte ikkje stort mellom skulane, og ved små søkartal utgjør ein einskild søkar ein stor del. Avdelingsdirektøren har difor brukt denne informasjonen med skjønn.

9.1 Yrkesfaglege utdanningsprogram

9.1.1 Bygg- og anleggsteknikk (BA)

Alle opplæringskontora innanfor bygg- og anleggsbransjen er tydelege på at dei treng fleire lærlingar i alle delane av bransjen, der behovet på vg2 betong og mur vert framheva også i år. Dette er nytt programområde i skuleåret 2021/22, med totalt 60 elevar i Vestland fylkeskommune. 48 av desse har ungdomsrett.

Det vert peika på mangel på tømrarar og at det er stor underdekning på lærlingar innan anleggsbransjen. Opplæringskontoret for Anleggs- og Bergfagene meiner det er behov for auke i klassetal for vg2 anleggsteknikk.

Vg2 anleggsteknikk er eit kostnadskrevjande programområde å etablere og utvide. Os vgs har landslinjetilbod med fire klassar vg2 anleggsteknikk, og ikkje ledig areal/kapasitet per no. Ei utviding av landslinjetilboda er heller ikkje noko den enkelte fylkeskommune står fritt til å gjere. Det er krav om at alle

fylkeskommunane stetter oppretting eller utviding av eit tilbod før ein søknad kan bli handsama i Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet.

Utviding av programområdet treng sjølvstendig å vere landslinetilbod, og avdelingsdirektøren undersøkte på denne tida i 2020 kva som skulle til for å auke, anten ved Sogndal eller Mo og Øyrane vgs. Kostnadane var ei av problemstillingane, ei anna var om ein auke i dette populære tilbodet, ville slå negativt ut for første året med vg2 betong og mur. Bransjane kan oppleve at fylkeskommunen set tilboda opp mot kvarandre, noko som ikkje er avdelingsdirektøren sin intensjon. Fylkeskommunen har ansvar for å levere kvalifiserte kandidatar til alle bransjar, og då er det naudsynt å balansere tilboda, også med tanke på søkarmønsteret og tal søkarar til det enkelte utdanningsprogram.

Stord vgs inntaksområde Sunnhordland:

Inneverande år har skulen 1,5 klasse vg1 bygg- og anleggsteknikk, der den halve klassen er i kombinasjon med vaksne. Det er difor behov for å vidareføre vg2 tømrrar med 1,5 klasse, også her er den halve klassen i kombinasjon med vaksne. Tilrådinga er å vidareføre kombinasjonen med opplæring til ungdom og vaksne.

Sotra vgs inntaksområde stor-Bergen:

Inneverande år har skulen fire klassar vg1 bygg- og anleggsteknikk, med 60 plassar. Per 15.9. var det 48 elevar, og sidan det ikkje er auke i tal elevar frå grunnskulane i denne delen av stor-Bergen, rår avdelingsdirektøren til at tilbodet vert lyst ut med tre klassar.

Askøy vgs inntaksområde stor-Bergen:

Vg1 bygg- og anleggsteknikk vart auka til tre klassar for inneverande år, noko som tilseier eit behov for å auke opp kapasiteten på vg2. Avdelingsdirektøren tilrår at vg2 tømrrar vert auka frå ein til to klassar. Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Bygg- og anleggsteknikk (BA)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
1	Stord vgs	2	Tømrrer	1	0,5	1,5
3	Askøy vgs	2	Tømrrar	1	1	2
3	Sotra vgs	1	Bygg- og anleggsteknikk	4	-1	3
3	Sotra vgs	2	Tømrrer	1	1	2
4	Austrheim vgs	2	Anleggsteknikk	0	0	inntil 3 plassar

Tabell 7: BA

9.1.2 Elektro og datateknologi (EL)

Askøy vgs inntaksområde stor-Bergen

I siste runde av inntaket i sommar vart det oppretta ein ekstra vg1 elektro og datateknologi klasse ved Askøy vgs. Denne opprettinga var eit resultat av at det ikkje var plass til enno ein ekstra klasse i bygg- og anleggsteknikk eller teknologi og industrifag ved skulane i stor-Bergen.

Avdelingsdirektøren tilrår at kapasiteten ved Askøy vgs vert teken ned igjen til to klassar vg1.

Fusa vgs inntaksområde stor-Bergen:

Skulen har teknologi og industrifag yrkes- og studiekompetanse (YSK). Til inneverande år vart tilbodet utvida med inntil 4 plassar som skulen ønska å dreie mot automasjon, for å serve lokalt næringsliv med kompetanse (kryssløp frå vg1 teknologi og industrifag til vg2 automasjon i utdanningsprogrammet elektro og datateknologi). Føresetnaden for utvidinga var at dette ikkje skulle auke kostnaden ved YSK. Samarbeidet med bedrifter gjer at skulen klarer dette innafor den ramma dei har. Avdelingsdirektøren må syte for at vg2 automasjon vert søkbart ved Fusa vgs.

Slåtthaug vgs inntaksområde stor-Bergen:

Som omtalt tilrå avdelingsdirektøren til at nytt programområde vg2 kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk vert oppretta ved Slåtthaug vgs.

Flora vgs inntaksområde - Sunnfjord og Sogn:

Skulen har to klassar vg1 elektro og datateknologi og ein klasse vg2 elenergi og ekom inneverande skuleår. Avdelingsdirektøren meiner det er grunnlag for å opprette ein ekstra klasse vg2 elenergi og ekom. Dette er i tråd med opplæringskontoret si vurdering. I denne delen av fylket er det ikkje for mange søkarar til lærefaget elenergi i forhold til tilgjengeleg læreplassar.

Eid vgs inntaksområde Nordfjord

Skulen har vg1 og tre programområde på vg2: elenergi og ekom, automasjon og datateknologi og elektronikk. Sistnemnde har hatt relativt låge søkartal dei siste åra. Til inneverande år var det ved første inntak fire primærsøkarar og åtte tekne inn. Per 15.9 var det sju elevar i klassen. Ved vg3 dataelektronikarfaget var det per 15.9. 8 elevar. Det tilsvararar ein halv klasse.

Det er tre klassar vg2 datateknologi og elektronikk totalt i nordfylket, ved Sogndal, Mo og Øyrane og Eid vidaregåande skular. Ved dei to andre skulane var søkinga god, desse skulane har vg2 elenergi og ekom i tillegg.

Avdelingsdirektøren finn det vanskeleg å tilrå vidareføring av tilbod med så svak søking, med den stramme økonomiske ramma.

Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Inntaksområde	Elektro og datateknologi (EL)					Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	
3	Askøy vgs	1	Elektro og datateknologi	3	-1	2
3	Fusa vgs	2	Automatisering			4 plassar
3	Slåtthaug vgs	2	Kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk	0	1	1
7	Flora vgs	2	Elenergi og ekom	1	1	2
8	Eid vgs	2	Datateknologi og elektronikk	1	-1	0

Tabell 8: EL

9.1.3 Frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign og Håndverk, design og produktutvikling

Eid vgs inntaksområde Nordfjord:

Til skuleåret 2021/22 vart dei nye utdanningsprogramma og programområda dimensjonert etter tidlegare vedtak om lokalisering. Ved Eid vgs vart vg1 handverk, design og produktutvikling lyst ut med ein klasse, men i justeringa teke ned til 0,5 klasse grunna låge søkartal. Denne halve klassen har ikkje hatt tilsvarande halv klasse å ha fellesfag med, og har difor fått tildelt full klasseressurs.

Tilbodet vart oppretta med intensjonen om 1+3-løp, for søkarar frå eit større geografisk område. Intensjonen var å trekke til seg søkarar som var interesserte i å gå vidare i eit av dei mange fagområda innan det vi kallar tradisjonshandverk. Skulen melder at rekrutteringa er lokal, og ein ikkje har elevar som ønsker lærefag etter 1+3-modellen. Skulen ber om at ein heller vurderer å utvide tilbodet i utdanningsprogrammet Frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign, som har to vg2-løp ved skulen.

Avdelingsdirektøren si vurdering er at vi er lite tente med å halde på tilbod som ikkje gir elevane høve til

fullføring av vidaregåande opplæring, og rår til at utdanningsprogrammet handverk, design og produktutvikling ikkje vert vidareført ved skulen. Det vil bety at vi har to skular med dette utdanningsprogrammet, Årstad og Knarvik vidaregåande skular. Det har ikkje vore innspel på behov for utviding av tilboda her. Utvidinga av utdanningsprogrammet frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign til to klassar gir ingen auke i ressursbruk i høve til inneverande år.

Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
8	Eid vgs	1	Frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign,	1	1	2

Handverk, design og produktutvikling						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
8	Eid vgs	1	Håndverk, design og produktutvikling	0,5	-0,5	0

Tabell 9: FD og DT

9.1.4 Helse- og oppvekstfag (HO)

Helse- og oppvekstfag er det største yrkesfaglege utdanningsprogrammet målt i elevtal. Tal for skuleåret 2020/21 viser at etter vg2 gjekk nær 54 % av elevane over til vg3 påbygging til generell studiekompetanse, og om lag 23 % gjekk ut i lære (Kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring 2020/21). Tal for skuleåret 2019/20 var 53 % til påbygging til generell studiekompetanse og 19 % ut i lære.

Utdanningsprogrammet er tilbydd breitt og spelar ei viktig rolle for fylkeskommunen i å ha eit likeverdig tilbod for alle, samtidig som det er utfordrande at såpass låg prosentdel går ut i lære. Hausten 2021 vart det i tillegg oppretta to klassar vg3 fagopplæring i skule for søkarar til læreplass, som stod utan tilbod om opplæring i bedrift.

Det er tydeleg at to år på helse- og oppvekstfag (og andre yrkesfag) og overgang til påbygging til generell studiekompetanse har etablert seg som vegen til studiekompetanse for mange elevar i vidaregåande opplæring, som ønsker seg vidare til høgskule og universitet.

Dette er ein lovleg utdanningsveg, og korleis ein skal endre søkemønster, dersom det er ønskeleg, er det ikkje eit enkelt svar på. God karriererettleiing har vore trekt fram som viktig for at søkarane skal kunne gjere gode val.

I tillegg vert det peika på at elevane frå yrkesfag og påbygging til generell studiekompetanse i mindre grad er studieførebuende. Etableringa av eigne treårige løp der studiekompetansefaga og helsefaga er integrerte gjennom heile løpet, betrar utfordringa med t.d. at norskfaget på vg3 allmennfagleg påbygging er krevjande med ti timar i veka. Avdelingsdirektøren vil følgje gjennomføring ved desse treårige løpa nøye, for å sjå om elevane kjem ut med resultat som gir dei opning inn for vidare studiar, slik elevane ønsker.

Også hausten 2021 var det naudsynt å opprette vg3 fagopplæring i skule for helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget for søkarar til læreplass utan tilbod. Spesielt i helsearbeidarfaget er det mykje fokus på behova til kommunane, og om kommunane tek inn tilstrekkeleg tal lærlingar. Ei problemstilling som er tydeleg, er at for ein kommune som skal tilsette lærling, spelar det liten rolle om vedkomande har ungdoms,- vaksen eller ikkje- rett. Lærling er lærling. Det utfordrar fylkeskommunen når søkarar med ungdomsrett ikkje vert formidla til læreplass, og ein må opprette vg3 fagopplæring i skule.

Der problematisk at det står at so mange ungdomar utan læreplass i begge dei store lærefaga ut frå vg1 helse- og oppvekstfag, helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag. Utfordringane ved ev. å redusere kapasiteten på vg1 helse- og oppvekstfag, er at ein kanskje ikkje når tak i dei søkarane som ønsker yrkeskompetanse gjennom lærekontrakt/opplæringskontrakt.

Fitjar vgs inntaksområde Sunnhordland

Tilbodet i vg2 barne- og ungdomsarbeidarfaget vart redusert med ein klasse i justeringa. Med fire fulle klassar på vg1 i år, tilrår avdelingsdirektøren at tilbodet på vg2 barne- og ungdomsarbeidarfaget vert auka med ein klasse.

Arna vgs inntaksområde stor-Bergen:

Tilbodet vart oppretta med ein halv klasse inneverande år. Klassen har ikkje anna opplæringstilbod å dele fellesfaga med, og har difor fått tildelt full klasseressurs. Avdelingsdirektøren tilrår difor at kapasiteten vert nytta fullt ut ved å lyse ut ein heil klasse.

Fyllingsdalen vgs inntaksområde stor-Bergen:

Avdelingsdirektøren viser til digitalt skulebesøk ved Fyllingsdalen vgs, 26.10.21. Ei av problemstillingane som vart trekt fram var manglande søking frå elevar heimehøyrande i Fyllingsdalen.

Eit av forslaga frå skulen, for mellom anna å auke lokal rekruttering, var å etablere treårig løp i helse- og

oppvekstfag med studiekompetanse også ved Fyllingsdalen vgs. Per no er det Nordahl Grieg og Olsvikåsen vidaregåande skular som har dette tilbodet i fylket.

Avdelingsdirektøren har vore i dialog med skulen og har vurdert at det er tenleg å opprette treårig løp. Ein tilrår difor at to av klassane i helse- og oppvekstfag vert lagt om til treårig løp i helse- og oppvekstfag med studiekompetanse.

Sotra vgs inntaksområde stor-Bergen:

Skulen har tre klassar vg1. Inneverande år vart vg2 tilbodet redusert frå to til ein klasse i justeringa. Avdelingsdirektøren rår til at den vert auka opp igjen.

Årstad vgs inntaksområde stor-Bergen:

Skulen har fem klassar vg1 helse- og oppvekstfag, og i alt sju klassar på vg2-nivå. Avdelingsdirektøren vil tilrå at vg2 helsearbeidarfag vert redusert frå to til ei klasse i utlysinga.

Skulen har to klassar vg2 hudpleie og ein klasse vg3 hudpleie inneverande skuleår. Det er behov for to klassar vg3 neste år, avdelingsdirektøren tilrår difor å auke vg3 hudpleie med ein klasse

Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Inntaksområde	Helse- og oppvekstfag (HO)					Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	
2	Fitjar vgs	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1	1	2
3	Arna vgs	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	0,5	0,5	1
3	Fyllingsdalen vgs	1	Helse- og oppvekstfag	5	-2	3
3	Fyllingsdalen vgs	1	Helse- og oppvekstfag 3-årig med studiespesialisering	0	2	2
3	Sotra vgs	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1	1	2
3	Årstad vgs	2	Helsearbeidarfag	2	-1	1
4	Årstad vgs	3	Hudpleie	1	1	2

Tabell 10:HO.

9.1.5 Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)

Amalie Skram vgs inntaksområde stor-Bergen:

Det vart oppretta ein ekstra klasse vg1 informasjonsteknologi og medieproduksjon i justering av opplæringstilbodet våren 2021. Auken på vg1 fører til behov for å auke kapasiteten på vg2 for skuleåret 22/23. Sidan inneverande år er første året med elevar på vg2 i det nye utdanningsprogrammet, har avdelingsdirektøren ikkje erfaring med formidling. Det er likevel grunn til å tru at det vil vere større tilfang av læreplassar i faga mot IT enn mot mediefaga.

Avdelingsdirektøren tilrår å auke opp på programområdet vg2 informasjonsteknologi, som kvalifiserer til lærefaga IT-driftsfaget og IT-utviklarfaget.

Avdelingsdirektøren tilrår også å lyse ut to klassar på vg1. I løpet av våren/sommaren vil vi hauste erfaringar med omsyn til læreplassbehov, og soleis behovet for kapasitet i skule.

Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
3	Amalie Skram vgs	1	Informasjonsteknologi og medieproduksjon	3	-1	2
3	Amalie Skram vgs	2	Informasjonsteknologi	1	1	2

Tabell 11: IM

9.1.6 Naturbruk (NA)

Bømlo vgs inntaksområde Sunnhordland

Det vart gjort vedtak om å opprette vg1 naturbruk i samband med vedtak av rom og funksjonsprogram for bygging, ved samanslåing av Bømlo og Rubbestadnes vidaregåande skular. Ein klasse vg1 naturbruk er difor lagt inn i avdelingsdirektøren sitt framlegg.

Voss vgs inntaksområde Hardanger Voss

Som det går fram av tabell 2 er Voss eit av områda med mange færre avgangselevar våren 2022 enn i år. Ein har forsøkt å tilpasse vg1-tilbodet til forventta lågare søking, men utan å la det gå ut over utdanningsprogram som leverer lærlingar til det lokale og regionale arbeidslivet. Avdelingsdirektøren sitt framlegg er å redusere vg1 naturbruk med friluftsliv frå to til ein klasse i utlysinga. I overkant av halvparten av inntekne elevar er frå Voss og nabokommunane.

Det vart oppretta ein ekstra klasse vg1 naturbruk til inneverande skuleår. Avdelingsdirektøren tilrår å auke kapasiteten med ein klasse på vg2 for å ha tilstrekkeleg kapasitet til elevane frå vg1.

Stend vgs inntaksområde Stor-Bergen

På grunn av auken på vg1 til inneverande år, tilrår avdelingsdirektøren at tilbodet på vg2 vert auka med ein ekstra klasse.

Austrheim vgs inntaksområde Nordhordland:

Avdelingsdirektøren viser til omtalen av nye tilbod ved skulane, og tilrår at vg1 naturbruk vert oppretta ved skulen.

Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Naturbruk (NA.)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
1	Bømlo vgs	1	Naturbruk	0	1	1
2	Voss vgs	1	Naturbruk med friluftsliv	2	-1	1
2	Voss vgs	2	Landbruk og gartneri	3	1	4
2	Voss vgs	2	Heste- og dyrefag	0,5	0,5	1
3	Stend vgs	2	Heste- og dyrefag	4	1	5
4	Austrheim vgs	1	Naturbruk	0	1	1

Tabell 12:NA.

9.1.7 Restaurant- og matfag (RM)

Voss vgs inntaksområde Hardanger Voss

Avdelingsdirektøren viser til del om nye tilbud etter Stryn -modellen, der det ved Voss vgs vert sett av inntil fem plassar i vg2 kokk og servitør for å kunne tilby vg2 matproduksjon og/eller vg2 bakar og konditor. Desse tilboda må vere søkbare.

Sogndal vgs Inntaksområde Indre Sogn

Inneverande skuleår har ikkje skulen vg1 restaurant- og matfag, det er soleis ikkje grunnlag for vg2 kokk- og servitør.

For å legge til rette for auka rekruttering til restaurant- og matfag tilrår avdelingsdirektøren at vg1 restaurant- og matfag vert lyst ut igjen for skuleåret 22/23.

Måløy vgs Inntaksområde Nordfjord

Inneverande skuleår har ikkje skulen vg2 kokk og servitørfag, berre vg1 restaurant- og matfag. For å kunne vidareføre elevane frå vg1 tilrår avdelingsdirektøren at vg2 kokk og servitør vert lyst ut igjen.

Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Inntaksområde	Restaurant- og matfag (RM)					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
2	Voss vgs	2	Matproduksjon	0	0	5 plassar totalt
2	Voss vgs	2	Bakar og konditor	0	0	
5	Sogndal vgs	1	Restaurant- og matfag	0	1	1
8	Måløy vgs	2	Kokk og servitør	0	1	1

Tabell 13: RM

9.1.8 Sal, service og reiseliv (SR)

På same måte som helse- og oppvekstfag, er sal, service og reiseliv eit utdanningsprogram som er spreitt og bidreg til å balansere kjønnsfordeling på skulane, og gi eit likeverdig tilbud. Koronasituasjonen gjorde at mange søkarar til lære plass stod utan tilbud etter skuleåra 2019/20 og 2020/21 særleg innan salsfaget. Det er oppretta ein klasse vg3 fagopplæring i skule ved Åsane vgs.

Utdanningsprogrammet er prega av noko svak rekruttering.

Sotra vgs inntaksområde stor-Bergen

Skulen har to klassar vg1 sal, service og reiseliv inneverande år, men med 19 inntekne til 30 plassar. Avdelingsdirektøren vil difor tilrå at tilboda vert lyst ut med ein klasse, ut frå svak søking i år.

Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Inntaksområde	Sal, service og reiseliv (SR)					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
3	Sotra vgs	1	Sal, service og reiseliv	2	-1	1

Tabell 14: SR

9.1.9 Teknologi- og industrifag (TP)

Det er relativt få framlegg til endringar i teknologi og industrifag, og avdelingsdirektøren har heller ikkje sett behov for store endringar. Som omtalt under nye tilbod, har Kvam vgs søkt om vg2 transport og logistikk ved skulen, og på grunnlag av den dokumentasjonen som er lagt fram vil avdelingsdirektøren tilrå at tilbodet vert lyst ut.

Kvinnherad vgs inntaksområde Sunnhordland

Også frå grunnskulane i Kvinnherad kommune er det nedgang i tal avgangselevar. På dette grunnlaget tilrår avdelingsdirektøren at vg1 teknologi og industrifag vert lyst ut med ein klasse mindre, reduksjon frå tre til to klassar.

Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Inntaksområde	Teknologi og industrifag (TP)					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
1	Kvinnherad vgs	1	Teknologi og industrifag	3	-1	2
2	Kvam vgs	2	Transport og logistikk	0	1	1

Tabell 15: TP

9.1.10 Vg3 fagopplæring i skule

I tilbodsstrukturen ligg det nokre tilbod på vg3 fagopplæring i skule som har etablert seg som faste klassar. Det er vg3 kjøle- og draktsyarfaget ved Årstad vgs og vg3 landbruksmeskinmekanikarfaget ved Voss vgs. Grunngevinga for faste vg3 tilbod har vore manglande læreplassar. Avdelingsdirektøren si vurdering er at ein bør ta dei ut av den faste strukturen og handsame behov for vg3 fagopplæring i skule i desse faga, på line med andre behov som oppstår, etter at dei har vore forsøkt formidla til bedrift.

Avdelingsdirektøren vil arbeide vidare med problemstillinga skuleåret 2022/23 og tilrår soleis ingen endring for skuleåret 2022/23. Det er likevel viktig å signalisere at vg3 fagopplæring i skule ikkje skal vere søkbare tilbod, og berre bli oppretta i dei tilfella der det er søkarar til læreplass som står utan tilbod. Om det ikkje er tilstrekkeleg tal læreplassar tilgjengeleg frå eit programområde må ein arbeide for å auke desse, eller tilpasse tilbodsstrukturen etter behovet i arbeidslivet.

9.2 Studieførebuande utdanningsprogram

Tabellen under viser endringar i alle studieførebuande utdanningsprogram, vg2 og vg3, som konsekvens av tal klassar inneverande skuleår.

Inntaksområde	Skule	Nivå	Utdanningsprogram	klassar 2021/22	Framlegg endring		Tilråding	Grunngjeving
					auke	red		
1	Bømlo vgs	2	Studiespesialisering	2		1	1	1,0 kl 2 i år
1	Bømlo vgs	3	Studiespesialisering	1	1		2	2,0 kl 2 i år
1	Stord vgs	2	Medium og kommunikasjon	1		1	0	ikkje vg1 i år
2	Kvam vgs	2	Studiespesialisering	3		2	1	2,0 kl vg1 i år
2	Kvam vgs	3	Studiespesialisering	2	1		3	3,0 kl 2 i år
2	Voss gymnas	2	Studiespesialisering	2,5		0,5	2	2,0 kl vg1 i år
2	Odda vgs	2	Idrettsfag	0,5		0,5	0	ikkje vg1 i år
3	Askøy vgs	2	Studiespesialisering	3		1	2	2,0 kl vg1 i år
3	Bergen katedralskule	3	Studiespesialisering	6	1		7	7,0 kl 2 i år
3	Nordahl Grieg vgs	3	Medium og kommunikasjon	2		1	1	1,0 kl 2 i år
3	Årstad vgs	3	Studiespesialisering	2		1	1	20 elevar på 2
3	Åsane vgs	3	Idrettsfag	1	1		2	2,0 kl 2 i år
4	Knarvik vgs	2	Studiespesialisering	4		1	3	3,0 kl vg1 i år
5	Sogndal vgs	2	Idrettsfag	1,5	0,5		2	2,0 kl vg1 i år
5	Sogndal vgs	3	Idrettsfag	1	0,5		1,5	1,5 kl 2 i år
5	Sogndal vgs	2	Medium og kommunikasjon	0,5		0,5	0	ikkje vg1 i år
7	Hafstad vgs	2	Studiespesialisering	4	1		5	5,0 kl vg1 i år
8	Firda vgs	2	Studiespesialisering	1,5		0,5	1	1,0 kl vg1 i år
8	Firda vgs	3	Studiespesialisering	1	0,5		1,5	1,5 kl 2 i år
8	Firda vgs	2	Idrettsfag	1,5		0,5	1	1,0 kl vg1 i år
8	Firda vgs	3	Idrettsfag	1	0,5		1,5	1,5 kl 2 i år
8	Stryn vgs	2	Studiespesialisering	1	1		2	2,0 kl 2 i år
8	Stryn vgs	3	Studiespesialisering	1,5		0,5	1	1,0 kl 2 i år

Tabell 16: Justeringar i studieførebuande utdanningsprogram på vg2 og vg3

9.2.1 Idrettsfag (ID)

Jamfør tabell 27 vert tilbodet tilpassa til tal klassar inneverande skuleår i tillegg til tilrådingane under.

Odda vgs Inntaksområde Hardanger og Voss

Skuleåret 2021/22 vart det lyst ut ein halv klasse idrettsfag i kombinasjon med ein halv klasse studiespesialisering. I sak om justering av opplæringstilbodet vart vg1 studiespesialisering auka opp til ei heil klasse, medan idrettsfag framleis hadde ein halv klasse. Ved skulestart var det ikkje tilstrekkeleg med elevar igjen i vg1 idrettsfag til at den halve klassen kom i gang.

Rekrutteringsgrunnlaget til Odda vgs vil vere om lag det same for komande skuleår, og det har over fleire år vore krevjande å fylle opp både studiespesialisering og idrettsfag ved skulen.

Avdelingsdirektøren tilrår igjen å spisse det studieførebuande opplæringstilbodet ved å ikkje sette i gang vg1 idrettsfag. Skulen har moglegheit til å tilby programfag frå idrettsfag til elevar på studiespesialisering.

Sidan vg1 idrettsfag ikkje er sett i gang ved skulen i år, går framlegget ikkje fram i tabell 16.

9.2.2 Kunst, design og arkitektur; medium og kommunikasjon og musikk, dans og drama (KD,ME,MD)

Jamfør tabell 16 vert tilbodet tilpassa til tal klassar inneverande skuleår.

Avdelingsdirektøren har ingen andre framlegg til endringar i opplæringstilboda i desse utdanningsprogramma.

9.2.3 Studiespesialisering (ST)

Jamfør tabell 16 vert tilbodet tilpassa til tal klassar inneverande skuleår i tillegg til tilrådingane under.

Kvam vgs Inntaksområde Hardanger Voss

Med 25 færre avgangselevar våren 2022 enn våren 2021, vil det truleg ikkje vere rekrutteringsgrunnlag til det tilbodet som er sett i gang på vg1 i år. Skulen har to utdanningsprogram med to parallellar – studiespesialisering og teknologi og industrifag. Til vg2 i teknologi og industrifag har skulen søkt om vg2 transport og logistikk, og dersom det vert vedteke skal skulen ha rekrutteringsgrunnlag til to programområde.

Alternativet vil då vere å redusere vg1 studiespesialisering frå to til ein klasse. Det er ikkje gunstig for ein skule, men truleg realistisk for komande år.

Sogndal vgs inntaksområde indre Sogn

Sogndal kommune har 20 færre avgangselevar våren 2022, og i dei kommunane som utgjør inntaksområdet til skulen er det i alt 45 færre avgangselevar. Av erfaring veit vi at ikkje alle frå kommunane Sogndal, Luster, Lærdal, Aurland og Vik søker til Sogndal vgs, men det er grunn til å rekne med at færre avgangselevar vil påverke søkinga til skulen.

Avdelingsdirektøren tilrår at vg1 studiespesialisering vert lyst ut med ein klasse mindre, der søkinga vil vise om færre avgangselevar går ut over yrkes- eller studieførebuande utdanningsprogram.

Hafstad vgs Inntaksområde Sunnfjord og Sogn

Det vart oppretta ein ekstra klasse vg1 studiespesialisering i løpet av sommaren, og sett i gang totalt fem klassar. Avdelingsdirektøren rår til at ein lyser ut same klassetal som til inneverande år, og tek ned ein klasse.

Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Inntaksområde	Studiespesialisering					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
2	Kvam vgs	1	Studiespesialisering	2	-1	1
5	Sogndal vgs	1	Studiespesialisering	3	-1	2
7	Hafstad vgs	1	Studiespesialisering	5	-1	4

Tabell 17: ST

9.2.4 Påbygging til generell studiekompetanse (PB)

Til skuleåret 2021/22 vart det oppretta tre ekstra klassar vg3 påbygging til generell studiekompetanse på administrativ fullmakt etter 2. inntak. Det var ved skulane Eid, Os og Åsane vidaregåande skular kapasiteten vart auka.

Avdelingsdirektøren vil tilrå at det utlyste tilbodet i påbygging til generell studiekompetanse vert redusert med dei klassane som vart oppretta etter administrativ fullmakt. Resultatet av søkinga vil vise om og kor det eventuelt vil vere behov for å auke opp igjen tilbodet.

Høyanger vgs Inntaksområde Sunnfjord og Sogn

Høyanger kommune er ein av kommunane med stor nedgang i tal elevar frå ungdomsskulen våren 2022, med minus 25. Våren 2023 er ein om lag tilbake på nivået med våren 2021. Høyanger vgs har ikkje to klassar i nokon tilbod. Skulen tilbyr elektro og datateknologi, helse- og oppvekstfag, teknologi og industrifag og studiespesialisering. Det er eit programområde på vg2 i kvart av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Skulen rekrutterer i all hovudsak frå Høyanger kommune.

Skulen har fått signal frå elevane i 10. klasse at mange vil søke yrkesfag. For å sikre lærarkrefter til vg2 og vg3 på studiespesialisering og fellesfaga i yrkesfag, vil det vere avgjerande å oppretthalde også vg1 studiespesialisering. Skulen har forslag om å få utnytte ledig kapasitet i studiespesialisering til også å tilby vg3/vg4 påbygging til generell studiekompetanse. Denne ordninga nytta ein i tidlegare Sogn og Fjordane når det var ledig kapasitet. Skulen har god erfaring med å gje påbyggingselevar opplæring saman med elevane i studiespesialisering på tvers av årskulla. Skulen vil klare kombinasjonen utan ekstra ressursar.

Fordi denne rekrutteringsutfordringa gjeld særskilt eitt skuleår, vurderer avdelingsdirektøren at det er viktig å oppretthalde vg1 studiespesialisering ved skulen. Løysinga med kombinasjon med påbygging til generell studiekompetanse vil gi grunnlag for det. Tilbodet må vere søkbart for skuleåret 2022/23. Fordeling av plasstal mellom vg1 studiespesialisering og det samla tilbodet i vg3- og vg4 påbygging til generell studiekompetanse vil avdelingsdirektøren kome tilbake til ved resultatet av søkinga.

Dei tre vidaregåande skulane Årdal, Sogndal og Høyanger har bede avdelingsdirektøren om å få vurdert eit forslag om å ha ein felles klasseressurs til vg3 påbygging til generell studiekompetanse. I følgje søknaden skal søkarar frå dei ulike stadene kunne få undervisning i HUB ved den lokale skulen. Tilbodet er meint å kome i tillegg til tilbodet Årdal vgs har per no på vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse, der ein nyttar ledig kapasitet til vg3.

Avdelingsdirektøren si vurdering er at ein ikkje har ressursar til tilbodet, og at løysinga som er skissert ved Høyanger vgs vil hjelpe på kapasiteten i vg3 og vg4 påbygging til studiekompetanse i området.

Avdelingsdirektøren si tilråding til endring:

Inntaksområde	Påbygging til generell studiekompetanse (PB)					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2021/22	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
3	Os vgs	3	Påbygg til gen. stud.komp	2	-1	1
3	Åsane vgs	3	Påbygg til gen. stud.komp	2	-1	1
7	Høyanger vgs	4 og 3	Påbygg til gen. stud.komp	utlyst utan klasse- og plasztal		
8	Eid vgs	3	Påbygg til gen. stud.komp	2	-1	1

Tabell 18: PB

10 Framlegg til endring av inntaksmatrisa knytt til nærskulemodellen

Sidan møtet i hovudutval for opplæring og kompetanse 23.11.21 er siste møte før Vigo opnar for søking 10.1.2022, finn avdelingsdirektøren det naudsynt å ta inn eit endringsforslag som er kome til. Tysnes kommune peikar på det dei meiner er ulogisk ved at elevar frå Tysnes ikkje får nærskulepoeng til skulane i Bergen, når elevar frå Fusa og Austevoll har det. Tysnes har alltid orientert seg mot Bergen. Kommunen skriv vidare:

«Tysnes har ikkje eigen vidaregåande skule. Det har alle kommunane rundt oss. Det gjer at alle må enten pendle ut av kommunen kvar dag, eller flytte på hybel. Pendling er mest vanlig for dei som går på skule på Os, medan dei som går på skule på Stord, Fitjar og Eikelandsosen stort sett flytter på hybel. Då er det for dei fleste like naturleg å flytte til Bergen som det er å flytte til Stord og Fitjar, Bømlo og Husnes. I tillegg til dette skal dei vidaregåande skulane på Os opne tidligare, noko som gjer at båten til Os også skal gå tidligare. Dette gjer det meir aktuelt for fleire å heller velje å flytte på hybel. Opplevelsen er difor at fylkeskommunen innskrenker mulighetene til ungdomane frå Tysnes, samtidig som dei gjer det mindre hensiktsmessig å pendle»

I tillegg er argumentet at når ny veg opnar mellom Bergen og Os i 2022, vil Bergen vere like nær Tysnes som det er Austevoll.

Både avdelingsdirektøren og hovudutval for opplæring og kompetanse har vore opptekne av å tilpasse inntaksmatrisa til dei lokale behova, og avdelingsdirektøren tilrår at ein opnar opp for at elevane frå Tysnes kommune får nærskulepoeng også til skulane i Bergen kommune.

11 Vidaregåande opplæring for vaksne

Retten til vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne har rett til vidaregåande opplæring dersom dei ikkje har fullført denne opplæringa tidlegare, eller har vidaregåande utdanning frå utlandet som ikkje er godkjent som studie- eller yrkeskompetanse i Noreg, jf. opplæringslova § 4A-3. Fylkeskommunen skal også ha eit vidaregåande tilbod til vaksne utan rett, jf. opplæringslova § 13-3.

Vaksne har primært krav på opplæringstilbod organisert for dei og med den sluttkompetansen dei søker, jf. forskrift § 6-45.

Vaksne som målgruppe for vidaregåande opplæring

Målgruppa for vidaregåande opplæring for vaksne har over tid har endra seg.

Vaksneopplæringsreforma frå tusenårsskiftet var innretta mot ufaglærte vaksne med monaleg yrkeskompetanse. Etterkvart fekk eit aukande tal innvandrarak og flyktingar tilsvarande rettar til grunnskule- og vidaregåande opplæring og utgjer no største delen av søkerane til «vaksne-tilboda».

I kjølevatnet av pandemien sette Solberg-regjeringa i gang ei rekke tiltak for å gje ledige og permitterte tilgang til vidaregåande opplæring i tråd med målgruppa si yrkeserfaring og etterspurnaden etter faglært arbeidskraft. Tiltaka vart utvida til også å omfatta ufaglærte i jobb som var utsette på arbeidsmarknaden nettopp fordi dei mangla den formelle yrkesutdanninga, - og vaksne med gjennomført vidaregåande utdanning som av ulike grunnar har behov for å skifta yrke. Fylkeskommunane fekk ansvar for å handtera oppgåva og har fått tilført naudsynte ekstra ressursar.

Desse ordningane vert vidareført også i 2022 og peikar klart fram mot ei ny opplæringslov frå 2023, der mellom anna vaksne får rett til ei ny vidaregåande utdanning i tillegg til den dei eingong har gjennomført. Endringane i den nye lova vil etter alt å dømma medføra monaleg auke i etterspurnaden etter vidaregåande opplæring, og vil stilla krav til fylkeskommunane om eit utvida tilbod til dei vaksne.

Det vidaregåande opplæringstilbodet for vaksne i 2022

Samarbeidet mellom NAV og Vestland fylkeskommune om vidaregåande opplæring for vaksne har i 2021 hatt god framdrift. Partane har inngått eigen samarbeidsavtale for området. Samarbeidet om «Gloppen-modellen» har i stor grad lukkast og vert teken i bruk av nye regionar. Det er samstundes ønskje om å prøva ut andre opplæringsmodellar; «Bergensmodellen» og «Sandslimodellen».

Fylkeskommunen har i 2021 også hatt tilsyn frå Statsforvaltaren i Vestland på forvaltninga av vidaregåande opplæring for vaksne. Tilsynet er ledd i ein nasjonal kontroll på området frå Kunnskapsdepartementet. Statsforvaltaren har pålagt fylkeskommunen å gje søkerane raskare og meir fyllestgjjerande svar på søknad og har vidare sett stopp for ventelister til opplæringstilbod. Vaksne skal ha tilbod i rimeleg tid når dei søker. Lukking av pålegga vil ha fleire følgjer. Fylkeskommunen må mellom anna setja i gang opplæringstilbod med lågare oppfyllingsgrad enn tidlegare, men kan eventuelt fylle restplassar med søkarar frå dei nye kvalifiseringstiltaka og andre søkarar utan vaksnerett, eventuelt opprette samansette klassar av unge og vaksne.

Det yrkesfaglege tilbodet i 2022 er utvida ut over det relativt store tilbodet innanfor helse- og oppvekstfaga. Det er sett inn fleire tilbod i restaurant- og matfag som svar på den store etterspurnaden etter faglært arbeidskraft i sektoren. Det er samstundes lagt til opplæringstilbod i bygg- og anleggsgfaga og i teknologi- og industrifaga i tråd med

tilgangen på lære plassar og dermed høvet til å kunne gjennomføre heile opplæringa utan eventuelt å opprette vg3 fagopplæring i skule.

Tilbodet i 2022 er lagt til 21 skular, tel 88 klassar og er fordelt på 6 utdanningsprogram. Siste kolonnen viser det maksimale plass talet, men som nemnd tidlegare er ein av konsekvensane av tilsynsrapporten frå Statsforvaltaren at fylkeskommunen mellom anna må setje i gang opplæringstilbod med lågare oppfyltingsgrad enn tidlegare. Fleire av opplæringstilboda vil også vere relevante for søkarar som kjem inn under dei nye kvalifiseringstiltaka. Ein vil soleis arbeide for ei best mogeleg samordning av tilbod og bruk av ressursar for å imøtekomme den einiskilde søknaden og det samla behovet for faglært arbeidskraft i fylket.

Skule	Opplæringstilbod 2022	Utd-program	Nivå	Tal klassar	Maks plass-tal
Eid vgs	Påbygg til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse	ST	Vg4	1	40
Eid vgs	Industriteknologi / Gloppenmodell	TP	Vg2	1	15
Eid vgs	Teknologi og industrifag / Gloppenmodell	TP	Vg1	1	15
Firda vgs	Tannhelsesekretær / Gloppenmodell	HO	Vg3	1	15
Firda vgs	Helse og oppvekstfag / Gloppenmodell	HO	Vg1	1	15
Firda vgs	Helsearbeidarfag / Gloppenmodell	HO	Vg2	1	15
Firda vgs	Fellesfag helsefag / inngår i Gloppenmodell	HO	Vg3	1	25
Firda vgs	Helse og oppvekstfag / Tannhelse sekretær / Gloppenmodell / Nettskulen VLFK	HO	Vg1	1	30
Flora vgs	Helsefagarbeidar	HO	Vg2	1	15
Flora vgs	Helse og oppvekstfag	HO	Vg1	1	15
Flora vgs	Industriteknologi	TP	Vg2	1	15
Hafstad vgs	Studiekompetanse etter 23/5 regelen og påbygg over 1 år, 2år	ST	Vg3/ Vg4	6	40
Mo og Øyrane vgs	Helsefagarbeidar	HO	Vg2	1	15
Mo og Øyrane vgs	Helse og oppvekstfag	HO	Vg1	1	15
Mo og Øyrane vgs	Landbruk	NA	Vg3	1	15
Mo og Øyrane vgs	Landbruk og gartnarnæring	NA	Vg2	1	15
Mo og Øyrane vgs	Teknologi og industrifag	TP	Vg1	1	15
Mo og Øyrane vgs	Restaurant og matfag / Gloppenmodell	RM	Vg1	1	15
Måløy vgs	Kokk og servitørfag / Gloppenmodell	RM	Vg2	1	15
Måløy vgs	Restaurant og matfag / Gloppenmodell	RM	Vg1	1	15
Måløy vgs	Bygg og anleggsteknikk / Gloppenmodell	BA	Vg1	1	15
Stryn vgs	Tømrar / Gloppenmodell	BA	Vg2	1	15
Stryn vgs	Restaurant og matfag / Gloppenmodell	RM	Vg1	1	15
Dale vgs	Naturbruk / Gloppenmodell	NA	Vg1	1	15
Høyanger vgs	Helsefagarbeidar / Samansett klasse unge og vaksne	HO	Vg2	1	15
Sogndal vgs	Bygg og anleggsteknikk	BA	Vg1	1	15
Sogndal vgs	Studiekompetanse etter 23/5 regelen og påbygg over 2 år	ST	Vg3	2	40
Sogndal vgs	Restaurant og matfag / Gloppenmodell	RM	Vg1	1	15
Voss gymnas	Helsefagarbeidar	HO	Vg2	1	15
Voss gymnas	Studiekompetanse etter 23/5 regelen og påbygg over 2år	ST	Vg3	1	30
Voss vgs	Gartnar	NA	Vg3	1	15
Voss vgs	Landbruk og gartnarnæring / Lærefag	NA	Vg2	1	15
Voss vgs	Restaurant og matfag	RM	Vg1	1	15
Årdal vgs	Teknologi og industrifag / Samansett klasse unge og vaksne	TP	Vg1	1	15
Knarvik vgs	Helsefagarbeidar	HO	Vg2	1	15

Knarvik vgs	Helse og oppvekstfag	HO	Vg1	1	15
Åsane vgs	Tømrar	BA	Vg2	1	15
Åsane vgs	Bygg og anleggsteknikk	BA	Vg1	1	15
Åsane vgs	Helsefagarbeidar / Samarbeidstiltak NAV, BK, ÅVS-VLFK	HO	Vg2	1	15
Åsane vgs	Helsearbeidarfag	HO	Vg2	1	15
Åsane vgs	Barne og ungdomsarbeidar	HO	Vg2	1	15
Åsane vgs	Helse og oppvekstfag	HO	Vg1	2	30
Åsane vgs	Helseservicefag	HO	Vg2	2	30
Åsane vgs	Helsesekretær	HO	Vg3	1	15
Åsane vgs	Tannhelsesekretær	HO	Vg3	1	15
Åsane vgs	Helse og oppvekstfag / Bergensmodellen	HO	Vg1	1	15
Bergen Katedralskole	Studiekompetanse etter 23/5 regelen og påbygg over 1 år, 2år. Påbygg etter yrkeskompetanse	ST	Vg3/ Vg4	16	450
Sotra vgs	Tømrar	BA	Vg2	1	15
Sotra vgs	Helsefagarbeidar	HO	Vg2	1	15
Sotra vgs	Helse og oppvekstfag	HO	Vg1	1	15
Sotra vgs	Helse og oppvekstfag	HO	Vg1	1	15
Sotra vgs	Studiekompetanse etter 23/5 regelen og påbygg over 2år	ST	Vg3	1	40
Sotra vgs	Teknologi og industrifag	TP	Vg1	1	15
Sandsli vgs	Kokk og servitørfaget	RM	Vg2	1	15
Sandsli vgs	Restaurant og matfag	RM	Vg1	1	15
Sandsli vgs	Restaurant og matfag / Sandslimodellen	RM	Vg1	1	15
Stend vgs	Landbruk	NA	Vg3	1	15
Stend vgs	Landbruk og gartnarnæring	NA	Vg2	1	15
Fitjar vgs	Kokk og servitørfag / Samansett klasse unge og vaksne	RM	Vg2	1	15
Fitjar vgs	Restaurant og matfag / Samansett klasse unge og vaksne	RM	Vg1	1	15
Stord vgs	Tømrer / Samansett klasse unge og vaksne	BA	Vg2	1	15
Stord vgs	Helsefagarbeidar	HO	Vg2	1	15
Stord vgs	Helse og oppvekstfag	HO	Vg1	1	15
Stord vgs	Studiekompetanse etter 23/5 regelen og påbygg over 1 år, 2år	ST	Vg3	1	40
Odda vgs	Teknologi og industrifag	TP	Vg1	1	15

Tabell 36: Det vidaregåande opplæringstilbodet for vaksne

Kombinasjonstilbod ungdom og vaksne skuleåret 2022/23	
Skule	Tilbod
Fitjar vgs	Vg1 restaurant- og matfag
Høyanger vgs	Vg1 helse- og oppvekstfag
	Vg2 helsearbeidarfag
Stord vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk

Tabell 37: Kombinasjonstilbod skuleåret 2022/23